



Individualisert musikk som miljøtiltak i demensomsorga

Eva Skrivervik

Master i helse og sosialfag

Institutt for helsefag

Universitetet i Stavanger

Juni 2011

**MASTERSTUDIUM I
HELSE- OG SOSIALFAG MED FOKUS PÅ BRUKERSPEKTIV**

MASTEROPPGAVE

SEMESTER: Vår

(vår/høst – årstall) **2011**

FORFATTER: Eva Skrivervik

VEILEDER: Ingelin Testad PHd., biveiledd Anne Norheim 1.lektor

TITTEL PÅ MASTEROPPGAVE:

Norsk tittel: Personaelt sine opplevingar av å kunne fremje person-senteret omsorg og brukarmedverknad gjennom bruk av individualisert musikk i demensomsorga.

Engelsk tittel: Care staff experiences of facilitating person-centered care and resident involvement through the use of individualized music in dementia care

EMNEORD/STIKKORD:

Demens, individualisert musikk, brukarmedverknad, individuelle behov, personcenteret omsorg, personalet sine erfaringar.

ANTALL SIDER:68

STAVANGER29.06.2011.....

DATO/ÅR

Innhold

Del 1.....	6
Samanfatning.....	6
Samandrag.....	6
1. Innleiing.....	7
1.1. Bakgrunn.....	7
1.2 Relevans.....	8
1.3 Hensikt/formål.....	9
1.4 Forskingsspørsmål.....	9
1.5 Problemstilling	9
2. Teoretisk fundament.....	10
2.1 Demens	10
2.1.1 Definisjon av demens.....	10
2.1.2 Ulike former for demens og førekomsten av desse.....	10
2.1.3 Utfordringar i demensomsorga	11
2.2 Rapportar & føringar for demensomsorga	12
2.3 Personsentrert omsorg	13
2.4 Brukarmedverknad	13
2.5 Ergoterapeutisk tilnærming til behovet for meiningsfull aktivitet	15
2.6 Miljøtiltaket musikk/individualisert musikk	15
2.6.1 Musikk	16
2.6.2 Individualisert musikk.....	16
3. Metode.....	17
3.1 Design.....	17
3.2 Vitskapsteoretisk ståstad.....	17
3.3 Utval og innsamling av data.....	18
3.3.1 Utval.....	18

3.3.2	Gjennomføring av intervju og lagring av data.....	19
3.3.3	Bearbeiding av materialet.....	20
3.4	Analyse	20
3.4.1	Val av analytisk reiskap	21
3.4.2	Gjennomføring av analysa.....	21
3.5	Truverdet av studiet	22
3.5.1	Overføringsverdi.....	24
3.6	Forskingsetiske vurderingar	24
4.	Funn.....	25
4.1	Kommunikasjon	25
4.2	Auka fokus på ressursar og høver til meistringsopplevelingar	26
4.3	Individualisert musikk og samarbeid med pårørande	27
5.	Diskusjon.....	28
5.1	Individualisert musikk som relasjonsbyggjar.....	28
5.2	Opplevelingar av arbeidsglede.....	30
5.3	Individualisert musikk som miljøtiltak i møte med agitasjon og uro	31
6.	Konklusjon	32
6.1	Svar på forskingsspørsmål og problemstilling	32
6.1.1	Opplevelingar av individualisert musikk som miljøtiltak	32
6.1.2	Opplevelingar av individualisert musikk med tanke på å fremje brukarmedverknad for personar med demens.....	32
6.1.3	Opplevelingar av auka medvit på individuelle behov.....	32
6.1.4	Fremjing av personsentrert omsorg	33
6.2	Overføringsverdi	33
6.3	Implikasjonar for vidare forsking	33
6.3.1	Pårørande sine opplevelingar	33
6.3.2	Ei oppleveling av nedgang i bruk av medikament.....	33

6.3.3	Betydinga av å få bruke ny kunnskap	33
-------	---	----

Referanseliste

Del 2 Artikkel

Vedlegg

Del 1.

Samanfatning

Samandrag

Dette kvalitative studie har undersøkt personale sine opplevingar knytt til bruk av miljøtiltaket individualisert musikk i arbeid med personar med demens på sjukeheim. Bakgrunn for studie har vore eigne erfaringar med individualisert musikk og funn i litteraturen som peikar på behovet for betre kunnskap om miljøtiltak og fremjing av brukarmedverknad for bebuarar med demens. Måla for studie har vore å auka kunnskapen om individualisert musikk som miljøtiltak. Vidare å undersøkje om der er samanheng mellom implementering av dette tiltaket og auka medvit på brukarmedverknad for personar med demens. Det har og vore eit mål å undersøkje om individualisert musikk kan vere eit reiskap for å styrkje fokuset på den enkelte bebuar sine individuelle behov og for fremje ei personsentrert omsorg. Undersøkinga er gjennomført ved hjelp av sju semistrukturerte forskingsintervju på fire sjukeheimar. Brukarmedverknad og personsentrert omsorg har blitt hovudtema og tre hovudkategoriar har blitt identifisert: 1.Individualisert musikk i personal-bebuar relasjon, 2.Individualisert musikk som miljøtiltak ved uro/agitasjon og 3. Individualisert musikk og arbeidsglede. Funna peikar i retning av at individualisert musikk kan vere ein måte å styrkje relasjonen mellom pleiar og bebuar. Det ser ikkje ut som tiltaket fører til auka medvit på brukarmedverknad generelt, men at det kan leggje til rette for brukarmedverknad fordi kommunikasjonen og samarbeidet mellom pleiar og bebuar blir betre. Det er ei felles oppleving at ein blir betre kjend med bebuarane gjennom å bruke musikk på denne måten. Såleis peikar funna i dette studie i retning av at individualisert musikk kan vere ein måte å fremje ei personsentrert omsorg.

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Musikkens evne til å integrere og helbrede er helt grunnleggende.

Det er den dypest virkende ikke-kjemiske medikasjon vi kjenner.

Nevrologen Oliver Sacks

Fra Awakenings (Audun Myskja, 2003)

I dag finnест det om lag 66 000 personar med demens i Noreg. Delen av eldre i befolkninga er aukande og ein reknar med at frå 2020 vil talet på eldre over 80 år auke kraftig. Om førekomsten av demens i denne gruppa blir som den er i dag betyr det ei dobling av talet på personar med demens innan 2040 (S.O.HD., 2007). Det er ei stor utfordring å ta vare på den enkelte person med demens på ein verdig og god måte (Demensplan 2015, 2007). Ei god demensomsorg handlar om å kunne å møte den enkelte der vedkomande er, og legge til rette for tenester som er basert på kunnskap om den enkelte si livshistorie og sjukdomshistorie(Demensplan 2015, 2007).

Sjølv vart eg ferdig utdanna ergoterapeut i 2001 og har sidan arbeidd i eldreomsorga. Dei siste åtte åra har eg arbeidd som dagavdelingsleiar/frivilligkoordinator på sjukeheim. I tillegg har eg hatt ansvar for å sette fokus på meiningsfull aktivitet for bebruarane på sjukeheimen. Ergoterapi har eit stort fokus på brukarmedverknad, meistring, ressursar og meiningsfull aktivitet for det enkelte individ (NETF, 1997, 2010). Dette er ein vesentleg del av mi førforståing og korleis eg har gjort mine val og tolkingar i forskingsprosessen.

Min eigen erfaringsbaserte kunnskap med metoden individualisert musikk er bakgrunn for val av tema. Prosjektet ”Metodisk bruk av song og musikk på sjukeheim” vart gjennomført våren 2007 til desember 2008. I prosjektperioden vart metoden ”Individualisert musikk” utprøvd på Bergåstjern sjukeheim. Erfaringane frå prosjektet var positive både for opplevd verknad på pasientane, men også for bevisstgjering av personalet. Resultata viste at det kunne vere ein samanheng mellom bruk av individualisert musikk og nedgang i uro, noko som er i tråd med forskinga til Linda Gerdner (Gerdner, 2010).

Det er aukande interesse for miljøtiltak og ikkje-medikamentell behandling i demensomsorga. I St.meld. nr.25 skriv regjeringa at dei ynskjer å legge vekt på kultur, aktivitet og trivsel som sentrale

og grunnleggande element i eit heilskapleg omsorgstilbod (H.O.D., 2005-2006). For å kunne møte eldrebølgja vil det vere heilt naudsynt at vi har adekvate og godt dokumenterte miljøtiltak til å bruke i førebyggande behandling og som ein del av behandlinga av personar med demens (A. Myskja & Haapnes, 2010).

I følgje Gerdner kan musikk nyttast som eit kommunikasjonsmiddel også for personar med langtkommen demens som ikkje lenger forstår verbalt språk og har nedsett evne til å tolke ulike miljø tiltak (Gerdner, 2010). Det er teoretisk støtte for å seie at å tilby nøyde utvald musikk etter den enkeltes preferanse vil gje høve til å stimulere langtidshukommelsen, og overskygge stimuli i miljøet som er meiningslause og forvirrande (Gerdner, 2010). Framkallinga av minner assosiert med positive kjensler vil ha ei roande effekt for personen med demens, noko som vil hindre eller lette agitasjon. Vidare skriv Gerdner at den teoribaserte intervensionen fremmar ein humanistisk, individualisert tilnærming til omsorg. Bruken av ferdig innspelt musikk krev ikkje særskilde musikk ferdighetar og kan nyttast av fagpersonalet og familie. Personalet og familie har rapportert at individualisert musikk krev liten tidsbruk, og det at ein har fått mykje positiv responsar frå dei eldre har vore ein fasilitator for implementering (Gerdner, 2010).

1.2 Relevans

Dette studie har hatt fokus på pleiepersonalet sine opplevingar av individualisert musikk med tanke på fremjing av ei personsentrert omsorg og auka medvit om brukarmedverknad.

Ulike studiar peikar på at personalet opplever det som ei utfordringa å få til brukarmedverknad for personar med demens og at det framleis er eit større fokus på gjennomføre praktiske oppgåver (Norheim & Stavanger, 2009). Korleis ein meistrar å kommunisere med pasienten vil påverke korleis ein kan legge til rette for brukarmedverknad (Clarke & Davey, 2004). Studiar viser at det som tenestemotakarar i norsk eldreomsorg er minst nøgd med er graden av sjølvbestemming og graden av aktivitet (Huseby & Paulsen, 2009).

Det er såleis relevant å studere fenomenet som kan auke kunnskap om eit reiskap kan vere nyttig for å betre lukkast med å gje personar med demens sin lovfesta rett til brukarmedverknad.

For personar med demens er ulike miljøtiltak ein viktig del av helsehjelpa (Demensplan 2015, 2007). Sjølv om det er tilrådd at miljøtiltak skal vere fyrste valet i møte med ulike utfordringar, er det framleis behov for å auke kunnskapen om og auke kompetansen med tanke på ulike miljøtiltak (Rokstad & Smebye, 2008)

I rapporten ”Glemst, men ikkje glemt” frå 2007 vert det framheva at å gje omsorg omfattar å finne fram til personen med demens si historie og opplevd verkelegheit (S.O.HD., 2007). Kartlegging av

musikkhistorie kan ein gjere og for personar som har mista språkevna si og såleis kan det vere ein god måte å finne fram personar med demens si historie (Gerdner, 2010).

Brukarperspektivet som tema er med i studie gjennom målet om å studere tiltak som opplevast som fremjande for ei personsentrert omsorg og som kan styrke medvit på brukarmedverknad for personar med demens. Funna med tanke på dette vil bli presentert og drøfta i kap. 4 og 5.

1.3 Hensikt/formål

- Auka kunnskap om personalet sine opplevingar av individualisert musikk som miljøtiltak
- Å få kunnskap om det er ein samanheng mellom bruk av individualisert musikk og auka medvit på brukarmedverknad for personar med demens
- Utvide kunnskapen om at individualisert musikk er eit reiskap som kan bidra til å styrke fokuset på den enkelte person med demens, vedkomande sine ynskjer og individuelle behov, om det kan fremje ei personsentrert omsorg

1.4 Forskingsspørsmål

Studiet har prøvd å finne svar på korleis personalet på institusjonar, som har innført individualisert musikk, opplever dette miljøtiltaket. Korleis opplever pleiepersonalet si eiga yrkesutøving med tanke på bevisstgjering på brukarmedverknad for personar med demens før og etter innføring av individualisert musikk? I tillegg har studiet undersøkt korleis personalet opplever individualisert musikk med tanke på fokus på individuelle behov.

1.5 Problemstilling

Med bakgrunn i funna som er framkomne i studiet har dette studiet følgjande problemstilling:

"Korleis opplever pleiepersonalet bruk av individualisert musikk med tanke på å fremje brukarmedverknad og ei personsentrert omsorg for personar med demens?".

2. Teoretisk fundament

Dette kapittelet vil gje ei oversikt over sentrale omgrep i dette studiet og presentere det teoretiske fundamentet som studiet er bygd på. I tråd med fenomenologiske prinsipp har dei empiriske funna vore styrande med tanke på kva teori som er valt ut . Eg vil i størst mogeleg grad kome med ei utdjuping av teori som er presentert i artikkelen, og ikkje gjenta det som allereie er beskrive der. I artikkelen har eg skrive om ”restraint”, her vel eg å utdjupe dette og tek teori om tvang og tvangsløva. Ulike føringar og rapportar som er aktuelle for norske forhold vert presentert. I tillegg tek eg med teori om ergoterapi som er sentral for mi forståing.

2.1 Demens

2.1.1 Definisjon av demens

Engedal beskriv demens på følgjande måte:

”Demens er en fellesbetegnelse på en tilstand som kan vere forårsaket av ulike organiske sykdommer, og som kjennetegnест ved en kronisk og irreversibel kognitiv svikt, sviktende evner til å utføre dagliglivets aktiviteter på ein tilfredstillende måte sammenliknet med tidligere, og endret sosial atferd,”(Engedal, Haugen, & Brækhus, 2009).

2.1.2 Ulike former for demens og forekomsten av desse

Sjukdomar som fører til demens er klassifisert i ICD-10, men frontallappdemens og Lewylegemes demens har framleis ikkje fått plass i dette klassifiseringssystemet (Engedal, et al., 2009).

Vaskulær demens

Når sjukdomar i blodårene i hjernen fører til demens vert dette klassifisert som vaskulær demens.

Degenerativ demens

Demens kan oppstå ved at sjukdomar som av meir eller mindre ukjende årsaker fører gradvis til at hjerneceller dør, som til dømes ved Parkinsons sjukdom.

Primær degenerativ demens

Dette er sjukdomar der hjerneceller dør og som alltid fører til demens. Til dømes Alzheimers sjukdom og Lewy legemer demens og frontallappdemens .

Sekundær demens

Når demens oppstår som eit resultat av alkoholmisbruk, hjernesvulst eller AIDS er dette dømer på sekundære demenstilstandar. Det er ikkje demensen som er det mest framtredane med sjukdomen, men det er eit av fleire symptom.

Førekomst

60 % av alle med demens har demens av Alzheimers sjukdom. Det er den vanlegaste forma for demens. Den nest vanlegaste demensforma er vaskulær demens, 20-25 % av dei demensråka lir av denne sjukdomen (Engedal, et al., 2009).

2.1.3 Utfordringar i demensomsorga

Adferdsproblem og psykologiske symptom er så vanlege at dei er blitt ein del av demenssyndromet (Engedal, et al., 2009). På norsk vert forkortinga APSD nytta. I dette omgrepet nyttar ein ordet problem. Dette kan føre til at ein oppfattar at det er pasienten sjølv som er problemet, medan den eigentlege årsaka ligg i det fysiske miljøet eller på måten samhandling føregår. Det vert argumentert for å kalle det for ei utfordrande adferd, for då å sjå på det som ei utfordring der ein peikar på miljøfaktorar og samhandling (Engedal, et al., 2009).

Den kognitive svikten ved ein demens-sjukdom fører ofte gradvis til ei nedsett evne til kommunikasjon (Jootun & McGhee, 2011). Kommunikasjon handlar om å bli forstått og å kunne forstå, og at ein i relasjonen med andre dannar ei felles forståing. Det er ingenting som tyder på at dette er mindre viktig for personar med demens (Krüger, Lillesveen, & Nygård, 2007). Kommunikasjon er ein samansett eigenskap og ofte får pasienten nedsett evne både til å forstå språk og til å snakke sjølve. Evna til å tenkje abstrakt, til å gjenkjenne gjenstandar og korleis ein skal handle i ulike situasjonar gjer kommunikasjon og såleis samhandling vanskeleg (Engedal, et al., 2009).

Ein helseteori som har fokus på kva som kan styrke helse, salutogene faktorar, hevdar at oppleving av samanheng og meining i tilvære er naudsynt for å ha ei positiv oppleving av eigen helse (Antonovsky, 2005).

Arbeid innan demensomsorg stiller store krav til kunnskap og innsikt. Evna til å vere til stades for kvar enkelt pasient og til å anerkjenne pasienten ved at ein ser kvar enkelt for den personen den er vert spesielt framheva (Engedal, et al., 2009; Rokstad, 2005).

Det er i samhandlinga mellom personalet og pasient at utfordringane oftast oppstår. Pasienten har ofte ikkje lenger evne til å forstå kva som skjer og er gjerne i ein sårbar stellsituasjon (Kirkevold, 2008). Ein ikkje kan uttrykke dette med språk og reagerer såleis med det vedkomande har å bruke, til dømes

ved å rope og slå. Dette skapar stress for personalet, noko som kan gjere dei mindre løysingsorientert og gjerne meir negativ innstilt til pasienten (Engedal, et al., 2009). Studiar viser at der er størst sannsyn for å bruke tvang mot personar som har ein alvorleg grad av demens, har nedsett ADL-funksjon og ei utagerande adferd (Testad, 2010). Utfordrande adferd kan føre til bruk av tvang samstundes som bruk av tvang kan føre til utfordrande adferd (Kirkevold, 2008).

Dette aukar behovet for reiskap som kan betre kommunikasjonen og gjere samarbeid mogeleg (Engedal, et al., 2009), noko som vil vere eit viktig ledd i å redusere bruken av tvang i arbeidet med personar med demens. I Kap.4A i pasientrettighetslova § 3 fyrste ledd heiter det: *"Før det kan ytes helsehjelp som pasienten motset seg, må tillitskapende tiltak ha vert forsøkt, med mindre det er åpenbart fomålsløst å prøve dette"* (H.O.D., 1999).

Tilrettelegging for kompetanseheving og høve til å oppretthalde kunnskap er vesentlege faktorar for å halde fram i arbeid med personar med demens (Chenoweth, Jeon, Merlyn, & Brodaty, 2010). Graden av opplevd arbeidsglede heng mellom anna saman med om ein får bruke ny kunnskap i arbeidskvardagen (Google, Parham, & Young, 2007).

2.2 Rapportar og føringar for demensomsorga

I Demensplan 2015 "Den gode dagen" er det ei målsetjing at kunnskapsgrunnlaget for å utvikle gode tiltak og tenestetilbod til menneske med demens vert vesentleg styrka gjennom forsking og utviklingstiltak (Demensplan 2015, 2007). Vidare vert det peika på at rekruttering av helsepersonell til geriatrien vert ein av dei største utfordringane i framtida. Ein viktig strategi er å halde på personell som allereie arbeider innom omsorgstenesta. Eit tiltak er å auke kompetansen til dei tilsette, og gode fagmiljø vert sett på som eit vesentleg tiltak for å trekke til seg fagfolk (Demensplan 2015, 2007).

For å betre omsorgstilbodet framhevar Stortingsmelding nr.25. mellom anna trong for samarbeid med familie og auka kunnskap om bebuaren sin bakgrunn og levekår for å betre omsorgstilbodet. Undersøkingar peikar på at det er daglegliv, aktivitet, sosiale og kulturelle forhold som er dei svakaste punkta i omsorgstilboda vi har i dag. Difor må psykososiale behov få sterkare fokus (H.O.D., 2005-2006).

I rapporten "Glemesk, men ikke glemt" beskriv ein gode tenester for personar med demens mellom anna som noko som er individuelt tilpassa med god brukarmedverknad sånn at det gjev størst mogeleg grad av eigen meistring (S.O.HD., 2007). I demensplan 2015 "Den gode dagen", står det at kommunane pliktar å gje menneske som er avhengig av hjelp frå andre eit tilbod som gjev dei eit aktivt og meiningsfullt tilvære (Demensplan 2015, 2007).

2.3 Personsentrert omsorg

Eit viktig trekk ved personcenteret omsorg er at ein evnar å sjå personen i sjukdomen og sjå kvar enkelt si unike oppleving av å ha sjukdomen. Deira rettar, behov, tankar og kjensler dannar utgangspunktet for omsorga (Audun Myskja, 2006a). Fokuset vert sett på velvære, empowerment og uavhengigheit. Dette skal hjelpe å gje personen eit godt sjølvbilete, at ein kjenne seg støtta og verdsett (Audun Myskja, 2006a). I personsentrert omsorg arbeider ein for å halde på personen med demens si oppleving av å vere ein person, og hovudfokuset vert satt på kommunikasjon og relasjon (Brooker, 2007; Dewing, 1999). Tilnærminga inneber ei bio-psykososial forståing av sjukdomen demens (Brooker, 2007). Oppleving av tilknyting er viktig for alle menneske. For personen med demens vert dette spesielt viktig i situasjonar som skapar angst og uro. Tillit er ein viktig faktor for å skape ei kjensle av tilknyting er (Brooker, 2007).

2.4 Brukarmedverknad

Her vert ein definisjon av både brukarmedverknad og brukarperspektivet presentert. Sjølv om dei heng tett saman er det to skilde omgrep. Omgrepet brukarperspektiv kan sjåast på som er eit overordna omgrep, der brukarmedverknad er eit reiskap til å få fram brukaren sitt perspektiv (Humerfelt, 2005; Vatne, 1998).

Brukarperspektiv

"Å leggje hensynet til pasienten til grunn for tenesteytinga er å ta utgangspunktet i respekten for det enkelte menneske. Perspektivet inneber at det er den enkelte tenestemottakar sitt behov for hjelp som vert sett i sentrum (H.O.D., 2008-2009).

Brukarmedverknad

"Det dreiar seg om at pasientane sjølve aktivt skal medverke og ta avgjerder i spørsmål som angår dei" (Ekeland & Heggen, 2007).

Det finst ulik grad av brukarmedverknad: Informasjon er den lågaste graden og brukarstyring er den høgaste graden (Humerfelt, 2005). Ei informasjonsformidling som gjev mottakar høve til å forstå og såleis vere ein brukar som kan medverke er ei viktig oppgåve for helsepersonell (Humerfelt, 2005) , og dette er nedfelt i pasientrettighetslova (Henriksen & Lahnstein, 2005). Evna ein har til kommunikasjon og samhandling vert særskilt viktig når ein arbeider med personar med demens og deira behov og rett til medverknad (Clarke & Davey, 2004).

Ein skil mellom innhaldsorienterte og prosessorienterte brukarperspektiv. Det første viser til ei utforming av tilbod der fagfolk legg til grunn det dei trur brukarane vil ynskje, medan det andre trekk brukarane med i avgjerdsprosessen (Skivenes & Willumsen, 2005). Dette er interessant for i

eldreomsorga er det faktisk ikkje sjeldan at det innhaldsorienterte brukarperspektivet vert nytta. Ein kan sjå på det som ei konflikt mellom autonomi og paternalisme (Østenstad, 2006). Dette viser at i møtet med personar med demens er der trong for å styrke kunnskapen til personalet, og å finne metodar som kan vere med å styrke retten til brukarmedverknad for denne gruppa (Norheim 2009). Sjukdomen demens svekkjer gradvis evna til å ta val og vurdere sitt eige beste (Norheim, 2010). Helsepersonell skal freiste å ta vare på behovet og retten til brukarmedverknad, samtidig som ein sikrar pasienten ei god og forsvarleg pleie (Norheim, 2010).

Menneskerettane er universelle, det vil seie dei gjeld for alle, overalt til ei kvar tid. Personar med demens er og ein del av desse alle og har såleis krav på at rettane deira vert ivaretakne på ein tilfredstillande måte. Retten til å bestemme sjølve finn ein i mellom anna EMK§5: Retten til frihet og sikkerhet (Høstmælingen, 2003). Vi har lovfesta rett til medverknad gjennom pasient-rettighetslova §3-1 Pasientens rett til medverknad (Henriksen & Lahnstein, 2005). Innsats for å beskytte sjølvbestemming og verdighet er ikkje alltid tilstades og pleia er ikkje alltid prega av å verne om rettane ein har som menneske (Clarke & Davey, 2004). På grunn av den gradvise svekkinga av evne til å gjere val som er trygge for ein sjølve vert sjølvbestemming ofte til medbestemming i demensomsorga (Norheim, 2010).

Sjølv om det er mange områder personar med demens ikkje lenger kan klare å medverke i, er det framleis rom for medverknad på nokre områder (Kirkevold, 2008). Å gje medverknad der det framleis er mogeleg, er å gje ei personsentrert omsorg, der ein møter pasienten der vedkomande er no og freistar å halde fast ved eigenverdet og behovet for autonomi pasienten har (Brooker, 2007; Kirkevold, 2008). Ei tilnærming som set fokus på individuelle behov, som fremjar brukaren sitt perspektiv, har vist seg å oppretthalde autonomi og verdighet hjå personar med demens (Clarke & Davey, 2004; Dewing, 1999).

I demensomsorga er innsatsen frå tilsette for å finne ut kva som gjev mening for den enkelte bebuar viktig. Ein må hjelpe bebuarane med å kome i gang med aktivitet fordi evna til initiativ er svekka (Engedal, et al., 2009). I samarbeid med bebuaren og pårørande må ein få kjennskap til den enkelte si historie og vidare legget til rette for aktivitet som gjev livsinnhald for den enkelte bebuar (Demensplan 2015, 2007).

2.5 Ergoterapeutisk tilnærming til behovet for meiningsfull aktivitet

Grunnsynet i ergoterapi er at aktivitet har ei sentral betydning for menneske og kan beskrivast i tre grunnantakingar:

- At menneske er av naturen aktivt
- At der er samanheng mellom helse og aktivitet
- At aktivitet er eit middel og ein måte å styrkje helsa

(NETF, 1997).

”Aktivitet uttrykkjer forbindelsen mellom individet og omgivelsene. Aktivitet i ergoterapisamanheng innebærer en meiningsfull målrettet handling eller virke...”(NETF, 1997).

Opplevinga den enkelte har av ein aktivitet er vesentleg og aktivitetar inneber både arbeid, leik og omsorgsaktivitetar. Passivitet forringar funksjonane til kroppen og påverkar helsa negativt. Menneske med ulike funskjonshemmingar og sjukdommar har også eit ynskje og behov for å vere i aktivitet, alle har ibuande ressursar som ein må ta i bruk for å gje opplevingar av meiningsfull virke og meistring (NETF, 1997).

2.6 Miljøtiltaket musikk/individualisert musikk

”Miljøbehandling dreier seg om hvordan fysiske , psykiske og sosiale forhold kan legges til rette for å oppnå optimal trivsel, mestring og personleg vekst”(Rokstad & Smebye, 2008)s.19.

Der er mange ulike former for miljøbehandling (til døme reminisens, taktil stimulering, song og musikk). Formålet med denne behandlinga kan delast i tre:

- Påverke emosjonelle og adferdsmessige endringar i demensforløpet
- Betre kognitiv funksjon
- Auke trivsel og livskvalitet

(Rokstad & Smebye, 2008).

God omsorg er i stor grad avhengig av at relasjonen mellom pleiar og bebuar fungerer godt. Dette er også ein vesentleg suksessfaktor i utøvinga av ulike miljøtiltak (Rokstad & Smebye, 2008).

I St.meld.nr 25 ”Mestring, mulighet og mening” skriv ein at undersøkingar tydar på at det området dei kommunale helse og omsorgstenestene fyrst og fremst kjem til kort på er det sosiale og det kulturelle (H.O.D., 2005-2006).

2.6.1 Musikk

For dei aller fleste av oss er musikken ein del av historia og identitet vår. Musikken skapar sterke og emosjonelle minner. Den vert forankra i verdiar som gjev mening i tilværet for mange. Såleis gjev musikken høve til opplevingar som lyttaren knyt til personleg tru og verdisystem (Ruud, 2006). Folk er sine eigne ekspertar på korleis ulike musikkstykker påverkar dei. Det vil seie at ein må overlate styringa av musikkbruken til brukaren sjølve (ibid). Musikken kan få oss til å gløyme negative ting, gjev oss positive opplevingar emosjonelt og skapar positive tankar om oss sjølve (Ruud, 2006).

For personar med demens kan musikk gje gode opplevingar i form av kjærkomne gjenkjenningar (Kvamme, 2006). Musikk ser ut til å ha ein spesielt god effekt når det gjeld tilgang til minner hjå demensråka (ibid). Musikk har vist seg som ein alternativ måte å kommunisere med personar med ulike former for kognitiv svikt (Audun Myskja, 2005).

Gjennom musikken kan ein få betre kjennskap til identitet til pasienten og det er vesentleg for å bevare verdigheita til den enkelte (A. Myskja & Haapnes, 2010).

2.6.2 Individualisert musikk

I Noreg er metoden individualisert musikk vidareutvikla av Audun Myskja i samarbeid med Geria ressursenter for alderdemens (Myskja 2006). Det er ein systematisk metode for å kartlegge musikkhistorie og musikksmak hjå den enkelte bebuar. Metoden inneber også at ei personalet må bli medvitne om sitt eige forhold til musikk og korleis musikk vert brukt på ulike avdelingar. Dette vert gjort gjennom internundervisning og oppfølging på avdelingsmøter. Dei bebuarane som ynskjer det kan få kartlagt musikksmaken med at det vert spelt 65 musikksnuttar og desse scorar frå 0-3. Dersom det trengst kan kartlegginga delast opp. Ut i frå dei snuttane ein opplever bebuaen synest er best, set ein saman ein cd på omlag 30 min. Cd'en spelast to gangar i veka eller meir der det er ynskje om det. Tiltaket vert ein del av pleieplanen og aktivitetsplan for den enkelte bebuar (Myskja 2006). Kartlegginga og utforminga av individualisert musikk, kor tid den skal spelast og behov for endringar på cd'en, gjev bebuarane reell påverknad på eit miljøtiltak som ein har mykje god erfaring med (Audun Myskja & Lyngroth, 2002).

Vidare i oppgåva vert forkortinga IM nytta for individualisert musikk.

3. Metode

Eg vil først beskrive mitt val av forskingsdesign. Vidare vil eg seie litt om vitenskapsteoretisk ståstad. Så vert utval av informantar og gjennomføring av forskingsmetode beskrive. Korleis analysen av det innkomne materialet er gjennomført vert forklart og refleksjonar kring truverdet vert belyst. Til slutt i dette kapittelet vert tankar kring overføringsverdi og forskingsetikk lagt fram.

3.1 Design

Eg har valt eit kvalitatitt design for dette studiet. Årsaka til det er at forskingsspørsmåla mine handlar om å få ei djupare forståing av personalet sine opplevingar av fenomenet individualisert musikk og vidare korleis dette kan vere knytt til brukarmedverknad og individuelle behov. Når ein skal beskrive og analysere eigenskapar eller kvalitetar ved dei fenomen som skal studerast eignar kvalitative forskingsdesign seg (Malterud, 2003).

I tillegg har eg ikkje funne studiar som har sett på desse spørsmåla før, og kvalitative metodar er særskilt eigna til å studere fenomen som ikkje er forska på i nokon særleg grad (Polit & Beck, 2008; Thagaard, 2009). Studiet er såleis både utforskande og beskrivande (Polit & Beck, 2008).

Intervju er innhenting av informasjon om eit fenomen, og formålet med eit kvalitatitt forskingsintervju er beskriving og tolking av eit tema i intervupersonen si livsverd (Kvale, Brinkmann, Anderssen, & Rygge, 2009). Systematisk gjennomgang av aktuell teori og kvalitative, semistrukturerte forskingsintervju av personalet har blitt nytta for å svare på problemstilling og forskingsspørsmåla mine. Søk/funn-tabell er vedlegg nr.2.

3.2 Vitskapsteoretisk ståstad

I mitt studie er det beskrivingar frå menneske si livsverd eg er ute etter. Det er pleiepersonalet sine opplevingar knytt til bruken av individualisert musikk eg ynskjer å få meir kunnskap om.

Fenomenologi er læra om det som kjem til syne og tek utgangspunkt i den subjektive opplevinga. Den freistar å finne den djupare meininger og essensen i erfaringa den enkelte har med eit fenomen (Polit & Beck, 2008; Thagaard, 2009; Thornquist, 2003). Som Thagaard beskrev er det mine eigne erfaringar og refleksjonar kring fenomenet individualisert musikk som dannar utgangspunktet for dette studiet (Thagaard, 2009). Såleis vil eg seie at studiet er inspirert av fenomenologi.

Korleis kan vi forstå det vi forstår? Det kan hermeneutikken hjelpe oss med (Thornquist 2008). Hermeneutikken vektlegg at der ikkje finst ei sanning, men at fenomen kan tolkast på ulike nivå (Thagaard, 2009). Kvalitatitt forsking vil forstå eller tolke fenomen utifrå den meininger som menneske

gjev den (Alvesson & Sköldberg, 1994). Gjennom analysen vil eg forsøke å forstå og tolke det materialet intervjeta har gjeve meg, og såleis vil studiet også vere inspirert av hermeneutikk. I følgje hermeneutisk tenking kan ei mening berre forståast om vi ser det i lys av den samanhengen fenomenet vi studerer er ein del av. Delane forstår vi ved å forstå heilskapen. (Thagaard, 2009). For studie betyr det at det vert vesentleg å vise gjennom teoretisk ståstad og forståing at tolkingane er truverdige.

3.3 Utval og innsamling av data

3.3.1 Utval

Utvalet av informantar er gjort strategisk. Eg har freista å skaffe informantar som eg meiner kan svare på forskingsspørsmåla og setje lys på problemstillinga (Malterud, 2003).

Inklusjonskriteriar har vore :

- personale med erfaring med bruk av individualisert musikk
- og at dei har arbeidd på verksemda før, under og etter innføringa av dette miljøtiltaket.

Eg har ikkje satt som krav at dei skal arbeide i ein viss stillings storleik eller vere av ei bestemt faggruppe. Dette kan utelukke mange aktuelle informantar.

Eksklusjonskriteriar har vore:

- Personalalet som har erfaring med bruk av individualisert musikk, men som ikkje har vore på sjukeheimen så lenge at dei har kunne danna seg eit inntrykk av situasjonen før, under og etter innføringa av dette miljøtiltaket

Der har vore fleire prosjekt der sjukeheimar har fått implementert metoden individualisert musikk. Det har vore hensiktsmessig å intervju personalet på nokre av desse sjukeheimane. Eg sende førespurnad til Geria, ressurssenter for alderspsykiatri og demens i Oslo. Kontaktpersonen på dette senteret har god oversikt over kva som er aktuelle sjukeheimar og har vore til god hjelp med å sette meg i kontakt med dei rette personane der. Ressurspersonar i Bergen har hjelpt meg på tilsvarende vis der. Informantar har blitt kontakta pr. e-post (Vedlegg 3) og telefon. Dersom dei har takka ja til å delta har dei fått tilsendt informert samtykke (Vedlegg 4). I tillegg til formelt skriv frå UiS (Vedlegg 5). Sju informantar frå fire sjukeheimar har vore med i dette studiet, av desse var to menn og fem kvinner. Fire sjukepleiarar, hjelpepleiarar og ein musikkterapeut.

3.3.2 Gjennomføring av intervju og lagring av data

Talet på intervju bør bli avgjort etterkvert som arbeidet går framover. Steg for steg- rekruttering er det optimale (Malterud, 2003). Talet på intervju er avgjort av kva som vert tilrådd i litteraturen, tidsbruk og vurdering av innkome materialet etter kvart som eg gjennomførde intervjeta. Det er viktig å få inn nok informasjon til å kunne seie meir om fenomenet, og til å kome med nye og sjølvstendige beskrivingar. Dette vert kalla *theoretical saturation* (Malterud, 2003). Eg opplever at eg har oppnådd dette i dette studiet.

Ein god treningsituasjon er å intervju medarbeidarar og få tilbakemelding frå dei (Thagaard, 2009). Eg gjennomførde eit pilotintervju. Dette gjorde at eg fekk litt trening i sjølve intervjustituasjonen og eg fekk spissa ein del spørsmål, noko som eg opplevde som nyttig. Eg fekk også høve testa ut det tekniske opplegget med diktafonen. Informanten gav tilbakemelding på kva som vart utsynlig for henne. Såleis vart dette eit ledd i å styrke truverdet til informasjonen produsert i dei komande intervjeta. Sidan pilotintervjet var ein kollega og intervjet var meint som ein trening vart ikkje dette materialet teke med i studiet.

Intervjeta vart gjennomført ved hjelp av ein semistrukturert intervjuguide (Vedlegg 6). Ein semistrukturert intervjuguide er ein reiskap i intervjustituasjonen, førebudd i forkant av intervjet. (Kvale, et al., 2009). Intervjuguiden skal ikkje følgjast slavisk, men skal vere ei hjelpe til at ein held seg innanfor dei tema ein ynskjer å undersøkje, samtidig som ein freistar å vere open for det informantane kjem inn på i sine beskrivingar (Holme & Solvang, 1996; Polit & Beck, 2008).

Eg utarbeidde ein intervjuguide inspirert av Kvale, med mine forskingsspørsmål som tema og fleire aktuelle intervuspørsmål knytt til kvart forskingsspørsmål.

Dei to fyrste informantane fekk tilsendt intervjuguiden. Via telefonsamtale fekk eg oppfatning av at dei ikkje forstod så godt dialekt. Eg sende såleis intervjuguiden for at dei skulle ha betre føresetnad for å svare på spørsmåla mine. Erfaringa med å sende intervjuguiden freista ikkje til gjentaking. Eg opplevde at informantane vart låst til spørsmåla i intervjuguiden og at det vart litt vanskeleg å kome med oppfølgingsspørsmål.

Lengda på intervjeta var mellom 38 og 65 minutt. Eg byrja intervju med å forklare formålet med intervjet, fortalte om korleis data frå intervjet vert lagra og korleis eg ville avpersonifisere informanten (Kvale, et al., 2009). Eg forsikra meg og om at det informerte samtykke var signert. I tillegg fekk informanten høve til å stille spørsmål før vi byrja sjølve intervjet.

I etterkant vil eg seie at eg opplevde intervjustituasjonen som krevjande. Eg innehar ein del kunnskap om emne og opplevde det som ein styrke. Men den avgrensa erfaringa med å intervju opplevdes som

ein svakheit. Med meir erfaring hadde eg kanskje kunne stilt betre oppfølgingsspørsmål og fått fram ein endå djupare kunnskap. Dette vurderer eg som noko som kan vere med å svekke truverdet av materialet. Eg vil likevel seie at ved å halde fokus på forskingsspørsmål ved hjelp av intervjuguiden, og heile tida prøve å få svar på spørsmåla studie er ute etter, styrkjer truverdet til empirien (Kvale et al., 2009).

Det var stor skilnad på intervjustituasjonane. Relasjonen til dei ulike informantane varierer, men opplevinga av å bli tryggare i situasjonen for kvart intervju var god. Personkjemi spelar ei rolle. Ein får god kontakt med nokre informantar, og det motsette tilfelle med andre (Thagaard, 2009). I møtet med menneske er eg sjølve verktøyet, relasjonane vil variere og korleis eg er vil i stor grad påverke kva informasjon som vert produsert (Kvale, et al., 2009; Thagaard, 2009).

Data vart lagra på lydband og vil bli sletta etter bruk, og dette vart opplyst til informantane. I samsvar med godkjenning frå NSD skal dette gjerast innan utgangen av 2011. Alle fekk tilbod om å lese gjennom det transkriberte materialet, men ingen hadde ynskje om dette. Dette hadde vore ein styrke for truverdet av materialet dersom informantane ville kommentere om dei kjende seg att i den transkriberte framstillinga av intervjuet. På den andre sida kan det å lese transkribert materiale i somme tilfelle verte overraskande for informantane, då setningar kan framstå som litt usamanhangande tale. Om dei skulle fått tilsendt materialet ville det vore betre å sende eit meir samanfatta skriv om det som kom fram i intervjuet (Kvale, et al., 2009).

3.3.3 Bearbeiding av materialet

Alt som er teke opp på lydband i intervjuet har blitt transkribert. Dette arbeidet har eg gjort sjølve. For å styrkje truverdet av studiet hadde det vore ein fordel at også ein annan forskar transkriberte det same materiale for å betre sikre at ein hadde fått med alt informanten sa (Kvale, et al., 2009). Men det har eg ikkje hatt høve til i dette studiet. Eg har hørt og skrive ned alt og gått gjennom materialet fleire gangar for å rette opp eventuelle feil. Dei to fyrste intervjuua vart transkribert før eg gjennomførte dei fem siste. Det opplevde eg som ein fordel i forhold til refleksjonar rundt spørsmål og måten å stille spørsmåla på.

3.4 Analyse

Eg vil i denne delen gje ei kort gjennomgang av analysereiskapa eg har valt og kva denne forma for analyse inneber. Vidare vil eg forklare korleis eg har arbeidd i dei ulike fasane.

Analyse og tolking kan ein ikkje skilje frå kvarandre (Thagaard, 2009). Det føregår ei tolking av materialet heile vegen. I intervjuet har eg freista å forstå kva informanten meinte og stilt oppfølgingsspørsmål med bakgrunn i mi tolking. Fyrste del av transkriberinga freista eg å gjere med så

lite tolking som mogeleg, sett bort frå at det kan vere stadar eg rett og slett har høyrt feil. I andre fasa av bearbeidingsa vart tolkinga meir nærverande. Eg skreiv om materiale til nynorsk. Utsegna vart tilpassa mitt språk.

3.4.1 Val av analytisk reiskap

Det er gjennomført ei kvalitativ analyse av innhenta informasjon. Analysen har så godt som råd er følgt vitskaplege kriterier: Den skal vere gjennomarbeidd og veldokumentert (Malterud, 2003). I og med at dette er ei problemstilling som, etter det eg kjenner til, ikkje er blitt studert før og der ikkje er førehandsbestemte kategoriar har dette vore ei datastyrt analyse (Malterud, 2003). Dette er i tråd med fenomenologiske prinsipp om at ein skal vere open for dei kategoriar som kjem fram i intervjuet (Thornquist 2008). Analysen er inspirert av Giorgi si fenomenologiske analyse, systematisk tekstkondensering (Malterud, 2003). Det vil seie at eg har freista å følgje desse fire fasane i analysen;

1. Å få eit inntrykk av heilskapen
2. Å identifisere meiningsberande einingar-dekontekstualisering
3. Å abstrahere innhaldet i dei enkelte meiningsberande einingane
4. Å samanfatte betydninga av dette-rekontekstualisering.

3.4.2 Gjennomføring av analysen

1. Fyrste del av analysen var å freista å få eit inntrykk av heile materiale. Alle dei transkriberte intervjuet vart lesne etter kvarandre. Opplevingar av individualisert musikk som eit reiskap til å bli betre kjent med pasientane, gjennom å bli betre kjent har relasjonen mellom pasient og pleiar vorte styrka sto fram som vesentlege.
2. Andre del var å finne dei meiningsberande einingane i materialet. Ein måtte å kome i gang med kategoriseringa er å ta utgangspunkt i tema i intervjuguiden (Jacobsen, 2005). Eg byrja såleis med å sortere materialet etter tema i intervjuguiden, med utgangspunkt i forskingsspørsmåla mine.

Etter kvart som eg gjekk gjennom materialet fleire gangar vart andre områder sortert ut. Årsaka til dette var at etterkvart som eg fekk meir grep om materialet opplevde eg at det informantane faktisk sa noko om kom tydlegare fram. Eg vurderte at det var rett veg å gå med tanke på den fenomenologiske referanseråma, å vere open for det informantane seier om eit fenomen. Relasjon, arbeidsglede, miljøtiltak ved uro, sjølve bruken av tiltaket fekk eigne fargekodar og personcenteret omsorg og brukarmedverknad vart overhengande tema for materialet.

Eg utarbeidde matriser, (døme på matrise er vedlegg nr.7) for å få ei oversikt på kor i intervjuet eg fann utsegn som hadde med kvart område å gjere (Malterud, 2003).

3.Tredje del i analysen var kondensering, der ein gjev kodane meinings. Giorgi anbefalar at ein på dette stadiet gjennomgår kvar enkelt av dei meiningsberande einingane innan kvar kodegruppe, skriv om det konkrete innhaldet i teksten og gjev det abstrakt meinings og finne subgrupper (Malterud, 2003). Det vart fleire runder med materialet og vurderingar av kva subgrupper eg skulle ha på kvar hovudkategori. Utsegna vart samla og abstrakte utsegn vart utarbeidd for kvar subgruppe og kvar kategori. Sitat som eg vurderte som særskilte til kvar subgruppe og kategori vart plukka ut. Hovudtema for resultata vart brukarmedverknad og personcenteret omsorg og tre hovudkategoriar med følgjande subkategoriar vart identifisert: 1. IM i personal-bebuar relasjonen (subkategoriar: å bli kjent med bebuar og tillitsskapande forhold) 2. IM som miljøtiltak ved uro/agitasjon 3. IM og arbeidsglede (subkategoriar: opplevingar av glede, anerkjenning og fagleg/personleg utvikling).

Som døme på korleis eg kom fram til subkategoriane: I hovudkategorien ”IM og arbeidsglede” slo eg saman subkategoriane ”personleg/fagleg utvikling” og ”meistringsoppleveling/reiskap i ulike situasjoner”, og dannar subkategorien: ”Fagleg/personleg utvikling” Årsaka til at eg slo desse saman var at mange utsegn var plassert i begge gruppene. Vidare tolka eg det som at IM som reiskap gav fagleg/personleg utvikling og opplevingar av meistring

4. Fjerde del var rekontekstualisering. Eg gjekk gjennom materialet på ny. Eg skreiv korte resymne frå kvart intervju vart skrivne, søkte etter funn som eg kunne ha gått glipp av i dei andre rundene. Eg freista å få eit inntrykk av om det eg hadde kome fram til i fase 3 kunne representere heilskapen i materialet etter ein ny grundig gjennomgang av intervjuet, og opplevde at det i stor grad gjorde det. Der var likevel nokre ting som kom tydlegare fram.

3.5 Truverdet av studiet

For at kvalitativ forsking skal vurderast som vitskapleg stillast det krav om reliabilitet og validitet, studiet skal vere påliteleg og kunnskapen skal vere gyldig (Thagaard, 2009). Reliabilitet omhandlar spørsmål om kunnskapen som kjem fram er til å stole på. Det vil seie at ein kan gjenta studiet og rekne med å få tilsvarende svar. Sidan informasjon frå kvalitative intervju er relasjonell (Kvale, et al., 2009), vil spørsmålet om kor påliteleg eit studie er i større grad avhenge av forskaren si evne til å vise kva ho har gjort og at ho evnar å argumentere logisk for sine val (Thagaard, 2009). Validitet omhandlar spørsmål om framkomne kunnskap er gyldig. Det forskaren kjem fram til må framstillast på eit truverdig og logisk vis (Kvale, et al., 2009).

Spørsmålet om validitet handlar blant anna om studie studerer det det er meint å studere? (Kvale et al,2009). Vart dei rette spørsmåla stilt og vart dei rette konklusjonane trekta? Validitet kan delast inn i

intern validitet og ekstern validitet. Den interne validiteten er ei vurdering av om resultata ein kjem fram til er gyldige for materialet (Thagaard, 2009). Eg har freista å sikre den indre validiteten ved å sjå til at der er ein god samanheng mellom mi problemstilling, mine forskingsspørsmål og mine funn.

Den eksterne validiteten vurderast med tanke på om forståinga i eitt studie kan ver gyldig i andre samanhengar (Thagaard, 2009). Mine vurderingar i kapittel 6 med tanke på overføringsverdi belyser dette studiet sin eksterne validitet. Validiteten kan styrkja gjennom at ein freistar å oppnå størst mogleg grad av "transparency"-arbeidet skal vere så gjennomsiktig som mogleg (Thagaard, 2009). Det vil seie at eg så grundig som råd er forklarar forskingsprosessen. Dette skal sette lesaren i stand til å vurdere kvaliteten på studiet og vidare verdien av resultata (Thagaard, 2009). Det har eg freista å gjere i dei delane av metoden som beskriv mine val og av forskingsdesign, utval, gjennomføring av intervju, og analysearbeid. Eg har også freista å gjere mine val i resultatdel og konklusjon så tydelege som mogleg og argumentert for kvifor eg er komne fram til det eg har.

Mi forforståing som er presentert i kap. 1.1 Bakgrunn, har vore vesentleg å ta med seg gjennom heile studiet. Korleis eg har evna å både vere nær tema og distansere meg frå tema med tanke på intervju, analyse, funn, diskusjon og konklusjon vil ha stor betyding for truverdet av dette studiet (Thagaard, 2009). I intervjustituasjonen har mi forforståing vore ei styrke ved at dette har gjeve meg gode forutsetnadar for å forstå kva informantane seier og å kunne stille gode oppfølgingsspørsmål (Kvale, et al., 2009). Men mi forståing av det som har blitt sagt vert farga av mi forforståing og det kan vere at eg har oversett interessante vinklingar på grunn av dette. Såleis vert mi forforståing både ei kjelde til styrke og svakheit for truverdet.

Sjølv om andre forskarar stiller dei same spørsmåla ved hjelp av same intervjuguide til dei same personane, vil dei sannsynlegvis ikkje få fram nøyaktig same kunnskap. Årsaka til dette er at kunnskap frå intervju er relasjonell (Kvale, et al., 2009). Sjølv om ein får liknande svar ville det ikkje vore eg som tok i mot og tolka innhaldet i svar og kom med mine oppfølgingsspørsmål. For å styrke truverdet har eg prøvd å forsikre meg om at eg har oppfatta informasjon rett i intervjeta (Kvale, et al., 2009).

Når ein er ute etter djupare kunnskap om eit heilt spesifikt område må ein nødvendigvis vere selektiv i forhold til kven ein vel å intervju. Eg har gjort eit strategisk utval og dette er ei styrke for den indre validiteten. Eit tankekors er at dei som har implementert individualisert musikk som metode kan vere dei som er positive til tiltaket. Med det utgangspunktet og vil dei sjå ein sterkare samanheng mellom tiltaket og styrking av fokus på brukarmedverknad enn andre som ikkje har implementert metoden. Samtidig så må ein faktisk implementere metoden for å kunne få ei forståing av om den kan styrke fokuset på brukarmedverknaden for personar med demens eller ikkje. Eg meiner dei eg har snakka med har oppfylt inklusjonskriteria mine, men der er heilt sikkert fleire eg kunne ha intervjeta. Samtidig som eg veit at der er ein høg turnover på mange sjukeheimar og såleis er det ikkje så mange som

passar mine inklusjonskriteriar. Det er fleire informantar på same sjukeheim. Vil dette styrke eller svekke truverdet til resultata? Eg har kome fram til at det valet har vore greitt, og at det faktisk kan vere interessant å bli kjent med ulike oppfatningar på same sjukeheim. Det er framleis relativt få som har implementert metoden og difor er det få informantar å velje mellom. At eg har intervjuet personar frå ulike delar av landet meiner eg styrker truverdet til studiet. Med fenomenologien som bakteppe er den enkelte si oppleving det eg skal få fram, og kvar enkelt har bidrige til å utvide kunnskapen om fenomenet studiet har fokus på.

3.5.1 Overføringsverdi

I kvalitativ forsking er det tolkinga som dannar grunnlag for overføringsverdi (Thagaard, 2009). Mine tolkingar er gjort ut ifrå min kunnskap og erfaring om fenomenet individualisert musikk og min kunnskap og erfaring om blant anna omgøra brukarmedverknad og personsentrert omsorg. Ut i frå mitt utval og mine eigne erfaringar med individualisert musikk tenkjer eg at kunnskapen frå dette studiet har overføringsverdi til liknande verksemder.

3.6 Forskingsetiske vurderingar

Studiet inneber ikkje intervju eller observasjon av pasientar. Det inneber heller ikkje bruk av pasientjournalar. Såleis vil ikkje studie vere nokon direkte inngrep i livet til pasientane. Dette er med å minimalisere skadelege konsekvensar av studiet, noko som er å tråd med eit gyldig forskingsdesign (Kvale, et al., 2009).

Informantane har kome med dømer knytt til samhandlingar med pasientar. Eg har ikkje gjort intervju på min eigen arbeidsplass, og difor har eg ikkje kjennskap til dei pasientane informantane har brukt som dømer. Det er med på å sikre anonymitet til den pasientinformasjonen som kjem fram. Det har ikkje blitt søkt om godkjenning frå Regional etisk komite (REK), men der vil bli sendt inn skjema for å få ei framleggingsvurdering frå REK med sikte på publisering i ulike tidsskrift. Studiet er godkjent av Norsk Samfunsvitenskapeleg Datateneste (NSD). (Vedlegg nr.8)

4. Funn

Der er mange interessante funn i materialet, men eg må her gjere eit utval. I det følgjande vil eg presentere ein utdjuping av funn knytt til kommunikasjon. Dette vel eg å gjere då eg vurderer kommunikasjon som særskilt viktig i møte med personar med demens. Med bakgrunn som ergoterapeut vel eg også å utdjupe funn knytt til ressursar og meistring for bebuarane. Til slutt vil eg presentere funn knytt til samarbeid med pårørande. Det er på bakgrunn av behovet for å styrkje samarbeidet med familien til personar med demens.

4.1 Kommunikasjon

Det er ei felles opplevelse at denne måten å bruke musikk på kan forbetre kommunikasjonen med bebuarane som får tiltaket. Informantane opplevde at gjennom musikken har dei fått ei spesiell kontakt og at dette har ført til betre kommunikasjon.

"...Den kontakta gjer noko med stemninga. Kontakt er noko som er spesielt med personar med demens, ein får ikkje kontakt med dei. At personen mister evna til å sei "hei, hallo, her er eg, dette likar eg, sånn er eg".

"Eg opplever musikk som ein fantastisk måte og nå fram til pasientar utan språk. Når pasienten ikkje skjørnar kva vi seier kan toneleie og stemmeleie vere ein god måte å kommunisere på. Det er noko vi må vere veldig bevisst på. Basert på at ein signaliserar noko på den måten kan ein skape tryggleik for pasienten eller få kontakt".

Informantane opplevde at ved hjelp av musikken har kjem minner fram og ein kan ha samtaler med bebua, og bebua kan formidle historier frå livet sitt. Dei opplever desse samtalane som god kommunikasjon mellom pleiar og bebuar.

"Eg hadde ei veldig sterkt opplevelsing med IM med ei dame som var veldig uroleg. Ho var veldig kristen og vi satt og prata og byrja og synge bedehussongar. Då kom ho tilbake i tid og byrja å prate om mannen sin og uttalte at det verste av alt var at ho var blitt så gløymsk. Om det var musikken eller det at vi satt der og prata som gjorde det er vanskeleg å seie. Men vi fekk ein god kommunikasjon".

Informantane opplevde betringa i kommunikasjonen som ein viktig faktor for å få til eit betre samarbeid og legge til rette for brukarmedverknad. Betre kommunikasjon har gjeve bebuarane høve til å formidle kva dei likar. Informantane opplever at dette gjer at dei har blitt betre kjende med bebuarane som har fått IM og at dette styrkjer tilliten mellom pleiar og bebuar.

4.2 Auka fokus på ressursar og høver til meistringsopplevelingar

Gjennom kartlegging av musikkpreferanse, vurdering av kor tid ein skal nytte det og evaluering av tiltaket i samarbeid med pasienten, seier fleire av informantane at dei opplever at IM er eit godt reiskap for å gje brukarmedverknad. Sjølv om pasienten ikkje har språk, vil ein kunne observere om dette er noko vedkomande ynskjer eller ikkje. Informantane framheva at kartlegginga i størst mogeleg grad må gjerast i samarbeid med bebuar og at tiltaket er noko bebuaren kan få høve til å bestemme over sjølve. Informantane i dette studiet opplever at IM er ein aktivitet som gjev bebuarane som fekk tiltaket positive opplevelingar og eit innhald i dagen.

"Sjølv om eg alltid har vore glad i å synge og brukt det mykje, etter at eg kom hit og fekk vite om dette. Dette er ein metode og jobbe etter. Eg tenkjer på dei som har fått denne oppfølginga. Eg trur faktisk eg vil seie, både for meg og brukarane at der var ei tid før og etter musikken".

Fleire av informantane trekte fram betydinga av å gje bebuarane opplevelingar av meistring gjennom IM. Ved å gje bebuarane høve til å synge fekk dei vist at dei framleis meistrar dette. Fleire av informantane opplevde at IM førte til at bebuarane også fekk vise sine ressursar gjennom dans etter at dei hadde innført IM. Det vart erfart at dette gav informantane høve til å gje anerkjenning og setje fokus på ressursane til bebuarane.

"Når pasienten syng under stellet har vedkomande det bra. Dette skapar ein meistringssituasjon då vedkomande huskar ein del tekstar. Og ikkje minst dette med dansing, det gjev og meistring og vi er flinke å gje anerkjenning på dette og det gjev gode opplevelingar for pasientane".

Fleire beskriv denne dimensjonen av tiltaket som ei viktig motvekt til det dei opplever som eit for stort fokus på sjukdom og funksjonstap, og at innføringa av IM har vore ein fin måte å lære seg verdien av å vere tilstades for pasientane, å engasjere seg i større grad.

"Det er flott med alle metodikkar som set merksemda på det psykososiale og kan pushe i den retninga der. Der har IM mykje føre seg. Om ein ikkje klarer å bevise effekten av IM, men bruk av IM fører til at pleiarane vert meir engasjert i personen er det eigentleg nok til å halde fram med det".

Eit anna viktig funn er opplevelinga av at IM kan påverke deltaking i andre miljøtiltak på ein positiv måte. Dette opplevdes og som ein måte å gje høve for meistring og gode opplevelingar for bebuarane.

"Når ein får roa ned litt og prata litt kjem ein gjerne inn på andre ting. Det synest eg er veldig fint med musikken, at den opnar for andre former for miljøbehandling som til dømes erindringer".

4.3 Individualisert musikk og samarbeid med pårørande

Fleire av informantane beskrev at tiltaket førde til større deltaking frå pårørande og opplevde at dette gav dei glede i arbeidet. Auka samarbeid med pårørande er eit funn og vert beskrive som nyttig på fleire plan.

1. Pårørande vert meir delaktige.

Gjennom informasjon om prosjektet opplever fleire at pårørande vert engasjerte, dei kjøper inn cd-spelarar og hentar musikk heimanfrå. Dei opplever at pårørande vert glade for å få lov til å delta og dette gjev arbeidsglede for personalet.

”Mange pårørande synest det er hyggeleg fordi dei har ikkje følt at dei kunne gjere noko før, no kjøper pårørande faktisk inn cd-plater vi ber dei om og fleire barnebarn ringer for å høyre kva musikk bebuaren liker(…). Vi har ei liste over songar som bebuaren vil ha, ”den eller den songen vil bestemora di ha, ”så fantastisk”, så brenn dei gjerne ein cd til jul eller bursdagsgåve. Det betyr så mykje og eg trur dei blir veldig glade(…). Dei pårørande som er her har vi fått delaktige, dei synest det er veldig stort for dei delar opplevinga vår”.

Dei pårørande er og viktige med tanke på å finne den rette musikken, men fleire presiserer at det pårørande meiner om kva ein bebuar likar ofte ikkje stemmer. Det vert framheva at kartlegginga må gjerast i tett samarbeid med bebuar.

”Det viser seg at der er sprikande svar, mange born veit ikkje kva foreldra likar”.

2. Pårørande og bebuar kan gjere noko kjekt saman

Fleire seier at gjennom IM opplever dei at pårørande og bebuar kan gjere noko saman, noko som bebuaren framleis meistrar. Dette opplevast som ei glede i arbeidet, når dei ser at både pårørande og bebuar har det fint.

”Eg prøver å seie at vi kan byrje litt sånn, vi nynnar på ein song og dei får respons og då vert dei veldig glade (...). Det skapast ein ny relasjon og IM kan vere ein hjelptil det, pårørande kan ta eit steg vidare og finne ein ny måte å vere saman på”.

3. Pårørende anerkjenner arbeidet som vert gjort med musikken.

Gode tilbakemeldingar frå pårørende opplevast som positive og gjev anerkjenning av arbeidet.

"Pårørende forstår ikkje kva vi gjer, "kva er det dykk gjer ? kan dei seie (...) Når pårørende ser at vi tek vekk medisin frå mor, og plutseleg når dei kjem på besøk så lyser bebuaren opp, i staden for å ligge i ein stol heilt apatisk. Dei er kvikna meir til som menneske".

5. Diskusjon

5.1 Individualisert musikk som relasjonsbyggjar

Evna til kommunikasjon er det som gjer oss til menneske og når vi ikkje kan dette fell vi ut av fellesskapet (Rokstad & Smebye, 2008). Som ein av informantane sa: *"Vi mister tilgangen til historia vår(...)"*.

I eit tilværet der funksjonar stadig vert svekka vil tiltak som kan setje fokus på ressursar og gje opplevingar av meistring vere svært verdifulle, og å delta i aktivitetar ein kan meistre opprettheld identiteten (Brooker, 2007). Inaktivitet er ei vesentleg utfordring for bebuarar med demens og er noko som ser ut til å skape både uro og agitasjon (Engedal, et al., 2009; Gerdner, 2010; Van der Geer, Vink, Schols, & Slaets, 2009). Det vert vurdert som eit viktig funn at IM kan vere ein port opnar for deltaking i andre miljøtiltak.. Dette finn ein teoretisk støtte for i andre studiar der spesielt erindring vert beskrive som noko som IM kan opne opp for (Gerdner, 2010; Hicks-Moore & Robinson, 2008; Audun Myskja, 2003).

Ein annan aktivitetar som IM kan sjå ut til å fasilitere er dans. Dette finn ein støtte for i teorien (Audun Myskja, 2006a). Det å oppleve at bebuaren meistrar dans når dei har svært nedsett gangfunksjon beskrivast som eineståande og som stjerneaugneblinkar. Ein gjev bebuaren høve til å bevege seg og bebuaren får anerkjenning for noko som vedkomande framleis meistrar og dette er heilt i tråd med ei personsentrert omsorg (Brooker, 2007). Sett i lys av ergoterapi vil det å delta i aktivitet som ein meistrar og har glede av vere meiningsfullt og ha stor betyding for bebuaren sin livskvalitet (NETF, 1997). I demensplan 2015 står det presisert at ein ynskjer å legge vekt på kultur, aktivitet og trivsel som sentrale og grunnleggande element i eit heilhetleg omsorgstilbod(H.O.D., 2005-2006). Miljøtiltak skal blant anna legge forholda til rette for at bebuaren for brukte sine ressursar, vere aktiv og meistring (Rokstad & Smebye, 2008).

Såleis tolkar eg at IM kan vere eit reiskap til å legge opp for auka aktivitetsdeltaking. Då kan det vere at for somme bebuarar kan IM gjennom å opne for deltaking i anna aktivitet førebygge agitasjon og gje auka trivsel og meistring. Samtidig er det viktig å peike på den relasjonelle faktoren. Alle miljøtiltak, inkludert IM og erindring, er avhengig av relasjonen mellom pleiar og bebuar for å lukkast (Rokstad & Smebye, 2008). Men kva er det som gjev dette resultatet? Musikken får fram minner, men eg tolkar funna som at den styrka relasjonen kan gje tryggleik til deltaking. Eg tenkjer at tida ein brukar på å få til kommunikasjon med den enkelte pasient kan føre til at bebua vert tryggare. Ein kan setje på musikken, så kjem minna fram og deretter ein inne i aktiviteten. Det vesentlege ser ut til å vere måten ein gjer seg tilgjengeleg for bebuar, i teorien finn ein støtte for at det kan fasilitere forbetring i kommunikasjon (Rokstad, 2005).

Tre av informantane arbeidde på sjukeheimar som deltok prosjektet SMET (sansehage, musikk, erindring og taktil stimulering), i regi av Geria. Dette prosjektet hadde gjeve dei ei generell innføring i nytten av miljøtiltak og dei hadde valt ut to tiltak å arbeide med. I forhold til validitet er det viktig å reflektere rundt om det er musikken som eventuelt aukar medvitet kring individuelle behov og brukarmedverknad eller om det er det andre tiltaket eller rett og slett deltaking i SMET som gjer heile skilnaden. Eg har freista å styrke validiteten i forhold til dette ved å spisse spørsmåla og gje informantane høve til å reflektere rundt dette (Kvale et al., 2009).

Opplevingar av at mykje fokus framleis ligg på praktiske oppgåver finn ein støtte for i fleire studiar (Clarke & Davey, 2004; Norheim & Stavanger, 2009). I mine funn vert IM si evne til å auke fokus på bebua sine ressursar trekt fram, noko som ein og finn beskrive i andre studiar (A. Myskja & Haapnes, 2010; Rose, Martino, Yentis, Virji, & Garrett, 2008). Fokuset på tapt funksjon og sjølve diagnosen er stort. Det å vise i praksis at bebua har ressursar og at vedkomande får bruke desse opplevast som vesentleg for å oppleve at ein meistrar arbeidet sitt ved å gje bebua gode meistringsopplevelingar. Og det å setje fokus på ressursar og psykososiale behov vert beskrive som ei motvekt til eit framleis stort fokus på praktiske oppgåver.

Gjennom kartlegging av den enkelte bebuar si musikkhistorie og musikksmak set ein fokus på kor forskjellige bebuarane er og dette kan vere ein måte å fremme brukarperspektivet i arbeidet med personar med demens på sjukeheim. Såleis er sjølve tiltaket IM ein måte å gje reell brukarmedverknad på (Gerdner, 2010). Dette representerer eit prosessorientert brukarperspektiv, der brukaren er med i prosesses, avgjerder om kva bebua ynskjer er gjort i samarbeid med bebua (Østenstad, 2006). I lys av studiar som viser at arbeidet med personar med demens framleis er eit oppgåvefokusert (Clarke & Davey, 2004; Norheim & Stavanger, 2009), er dette noko som talar til fordel for IM som miljøtiltak.

Medan eit mindretal av informantane opplever ein klar auke i fokuset på brukarmedverknad generelt, opplever dei andre ikkje dette. Men dei opplever alle ein forbetring av kommunikasjonen med

bebuarane. For å få til brukarmedverknad er kommunikasjon eit vesentleg fundament (Humerfelt, 2005). Ein må kunne gje informasjon som er tilrettelagt den enkelte sitt nivå (Norheim, 2010). Ein må freiste å få kontakt med og nå inn til pasienten for å kunne gje vedkomande høve til brukarmedverknad. Studiar viser at dette er ei utfordring (Norheim & Stavanger, 2009). Funna i materialet er interessante med tanke på dette. Samtidig kan det tenkast at det er det å vere saman med pasienten som kan gje den positive påverknaden på kommunikasjonen. Til støtte for funna viser studiar at musikken har ei særskild evne til å nå inn til personar med demens, når kontakt og kommunikasjon er vanskeleg på andre vis (Gerdner, 2010; Rose, et al., 2008).

Ein av informantane var musikkterapeut og det kunne ha bidrige til å svekke studie med tanke på vedkomande si interesse og tru på musikk som reiskap. Eg opplevde likevel ikkje at denne informanten utrykte seg i særleg grad meir positivt til tiltaket enn dei andre informantane gjorde. Samtidig har vedkomande ei anna rolle enn dei andre, men det betyr ikkje at vedkomande ikkje kan ha opplevelingar knytt til å bruke musikken på denne måten og erfaringar med tiltaket i samanheng med fokus på brukarmedverknad og individuelle behov.

5.2 Opplevingar av arbeidsglede

Alle informantane opplever at individualisert musikk skapar arbeidsglede. Dette vert vurdert som viktig i lys av behovet for å halde på og rekruttere personale til demensomsorga (Chenoweth, et al., 2010; Demensplan 2015, 2007). Samtidig som ein uttrykkjer arbeidsglede ved å nytte IM uttrykkjer fleire frustrasjon over å ikkje få brukt det så mykje som dei ynskjer. Dette er interessant både med tanke på rekruttering til faget og med tanke på betydinga av å få brukt ny kunnskap i arbeidskvarldagen. Funna er samanfallande med studiar som beskriv høve til å nytte ny kunnskap som ein viktig faktor for opplevde arbeidsglede mellom pleiarar innan demensomsorga (Chenoweth, et al., 2010; Coogee, et al., 2007). Dette styrkjer for truverdet ved funna. Meir kunnskap er positivt, men om ein ikkje får nytta den nye kunnskapen skapar dette frustrasjon og nedsett arbeidsglede (Coogee, et al., 2007). Med dei demografiske endringane som vi har føre oss (<http://www.un.org/en/globalissues/ageing/index.shtml>) vil behovet for helsepersonell som ynskjer å arbeide med personar med demens vere ein av dei største utfordringane (Demensplan 2015, 2007). Det at ein då både aukar kunnskapen om reiskap som kan gje meistring og arbeidsglede og gjev rom for å bruke reiskapen, kan vere eit viktig grep for både å behalde og rekruttere nye fagfolk (Demensplan 2015, 2007).

Som nemnt i artikkelen beskriv Zimmerman at ei personsentrert holdning ser ut til å verke positivt på arbeidsglede (Zimmerman et al., 2005). Korleis kan den opplevde arbeidsglede tolkast? Ein får bruke sin ressursar og oppleve meistring både for seg sjølve og bebuar, noko som opplevast som meiningsfullt. Om ein ser på funnet i lys av ergoterapi kan ein tolke det i retning av at den auka

kunnskapen og høve til å nytte seg av den kan opplevast som ein målretta meiningsfull aktivitet for pleiaren (NETF, 1997).

Opplevingar av betra samarbeid med pårørande gjennom innføringa av IM er positivt sett i lys av føringar som peikar på auka samarbeid med familie som eit tiltak for eit betre omsorgstilbod (H.O.D., 2005-2006). I tillegg trekk funna i dette studiet i retning av at pårørande kan vere til hjelp ved å finne historia til den enkelte, noko som vert framheva som eit viktig tiltak for å ivareta den enkelte bebuar sine behov for aktivitet og livsinnhald (Demensplan 2015, 2007). Samtidig opplevde informantane i dette studie at det pårørande sa ikkje alltid stemde med deira opplevingar av musikkpreferansar til bebuarane. Såleis ser det ut som samarbeid med pårørande er positivt, men funna belyser kor viktig det er å fremje ein prosessorientert brukarmedverknad (Østenstad, 2006). Det er bebuaen sjølve som sit med svaret på kva vedkomande likar eller ikkje.

5.3 Individualisert musikk som miljøtiltak i møte med agitasjon og uro

Paragraf 4A har fokus på mellom anna bruk av tillitsskapande tiltak som kan redusere bruken av tvang. Mine funn peikar i retning av at IM kan vere eit tillitsskapande tiltak og dempe agitasjon. Dette er samanfattande med tidlegare undersøkingar på området (Gerdner, 2010; Audun Myskja, 2006b). Men spørsmålet er kva som verkar, er det musikken eller er det auka samvær/endra samvær med personalet? I følgje mine informantar opplevast det som om at det er ein kombinasjon av musikk og samvær som gjev eit positivt utkome i form av auka tillit. Ein kan diskutere om kor truverdige resultata er så lenge ein ikkje kan seie at det er det eine eller det andre som verkar. På den andre sida vil alle miljøtiltak avhenge av relasjonen mellom pleiar og bebuar(Krüger, et al., 2007). I dette studiet, der opplevingar av tiltaket er fokus, meiner eg at ein måte å tolke materialet på er at IM kan bidra til å skape tillit mellom personalet og bebuar, og vidare at det kan føre til ein damping av utfordrande adferd og såleis vere eit reiskap ein kan nytte for å førebygge tvang. Det kan såleis vere ein måte å styrke brukarmedverknad .

Kan forbetringa ha samanheng med auka oppleving av meinung? Kan IM fungere som ein salutogen faktor? Gjennom musikken kjem ein i kontakt med minner og identitet sin (Kvamme, 2006; Ruud, 2006). Ein får såleis hjelp til å halde på identitet sin (A. Myskja & Haapnes, 2010). Dette kan bevare verdigkeit og gje meinung sidan musikken er forankra i verdiar som gjev tilværet meinung (Ruud, 2006). I eit tilvære som på mange måtar kan virke meiningslaus (Engedal, et al., 2009), der ein gradvis mister fotfeste tolkast det som viktig. Den opplevde positive verknaden IM har kan sjåast i lys av Antonovsky si salutogenese og såleis tolkast i retning av at IM kan vere til hjelp for å oppleve at der er ein samanheng og meinung i tilværet og gje positive helseopplevingar (Antonovsky, 2005). Dette er i tråd med ei personsentrert omsorg der fokus er nettopp å ta vare på identiteten og skape tryggleik for kvar enkelt bebuar (Brooker, 2007). Men samtidig må ein ta høgde for at for personar med demens vil

der vere behov for ei rekkje opplevingar og bekreftingar då deira nedsette funksjon vil hindre ei vedvarande forståing (Engedal, et al., 2009).

6. Konklusjon

Dette studie har undersøkt personalet sine opplevingar av miljøtiltaket individualisert musikk, og vidare samanhengen mellom tiltaket og medvit på brukarmedverknad og fremjing av ei personsentrert demensomsorg.

Individualisert musikk kan vere ein måte å bli betre kjend med bebuaren på. Tiltaket ser ut til kunne betre kommunikasjon og vere ein viktig faktor for å styrke relasjonen mellom pleiar og bebruar. Dette ser ut til å kunne vere ein måte å betre samarbeid med bebuaren på. Individualisert musikk kan gje arbeidsglede for dei tilsette gjennom at dei ser at bebuaren har det betre, at dei får bruke tillært kunnskap og får anerkjenning ved å bruke kunnskapen frå medarbeidarar og pårørande.

6.1 Svar på forskingsspørsmål og problemstilling

6.1.1 Opplevingar av individualisert musikk som miljøtiltak

Opplevingar av IM som miljøtiltak er beskrive i funn og diskusjonen. Dei viktigaste opplevingane er knytt til IM i pleiar-bebruar relasjonen, IM og arbeidsglede og IM som miljøtiltak i møte med agitasjon og uro.

6.1.2 Opplevingar av individualisert musikk med tanke på å fremje brukarmedverknad for personar med demens

Funna viser at der ikkje er noko eins oppfatning av at tiltaket påverkar medvitet på brukarmedverknad generelt, men at ein opplever at for dei bebruarane som får individualisert musikk kan grunnlaget for å få til brukarmedverknad bli styrka gjennom betra kommunikasjon, styrka relasjon, auka samarbeid og ved at ein har eit reiskap som kan fungere for å førebygge og roe agitasjon og uro for nokre bebruarar.

6.1.3 Opplevingar av auka medvit på individuelle behov

Bruk av IM ser ikkje ut til å kunne auke fokuset på individuelle behov generelt. Men funna peikar i retning av at gjennom IM kan ein bli betre kjent med bebuaren og for dei bebruarane som får individualisert musikk kan det vere ein måte å bli klar over individuelle behov også på andre områder enn musikken.

6.1.4 Fremjing av personsentrert omsorg

Det kan sjå ut som IM kan vere eit nyttig tiltak for å styrke relasjonen mellom personalet og bebruar. Tida ein må bruke for å lukkast med IM ser ut til å vere ein like viktig faktor som musikken. Musikken si evne til hente fram minner kan virke som ein vesentleg faktor til å finne fram til bebuaren si historie. Dette kan vere ein måte å halde fast ved bebuaren sin identitet, skape tryggleik og legge til rette for deltaking i aktivitet og gje høve til oppleving av meistring. Funna peikar i retning av at kommunikasjon vert positivt påverka av tiltaket. Såleis kan det sjå ut som individualisert musikk kan vere ein måte å fremje ei personsentrert omsorg.

6.2 Overføringsverdi

Kunnskap om korleis ein opplever individualisert musikk som fasilitator for ei meir personsentrert omsorg og brukarmedverknad sett i samanheng med teori og anna forsking på området, meiner eg talar for at studiet har bidrige med ny kunnskap som vil vere interessant for sjukeheimar som vil innføre tiltaket. I tillegg har studiet generert nye spørsmål for vidare forsking. Den nye forskinga kan vere med å bekrefte eller avkrefte den opplevde overføringsverdien (Thagaard, 2009).

6.3 Implikasjonar for vidare forsking

6.3.1 Pårørande sine opplevingar

Sjølv om mange av informantane opplever at pårørande på ulike måtar ha delteke meir og opplevd tiltaket som positivt, så har eg ikkje diskutert dette funnet. Eg tenkjer at funnet er interessant, og belyser behovet for å studere korleis pårørande opplever individualisert musikk i vidare forsking.

6.3.2 Ei oppleving av nedgang i bruk av medikament

Fleire av informantane framheva at dei opplevde ein nedgang i bruk av medikament etter innføringa av IM. Dette er interessant med tanke på behovet for å finne gode alternativ til medikamentell behandling (Demensplan 2015, 2007; A. Myskja & Haapnes, 2010). Sjølv om ein del studiar har undersøkt samanhengen mellom IM og agitasjon er der framleis behov på meir forsking. Det ville då vere interessant å studere effekten av individualisert musikk på bruk av legemidlar, om det let seg gjere.

6.3.3 Betydinga av å få bruke ny kunnskap

I dette studie har fleire av informantane utrykt frustrasjon over å ikkje få bruke kunnskapen dei har tileigna seg om individualisert musikk i tilstrekkeleg grad. Med tanke på det aukande behovet for å rekruttere og behalde personale i demensomsorga ville det vere interessant og studere dette tema nærmare.

Referanseliste

- Alvesson, M., & Sköldberg, K. (1994). *Tolkning och reflektion: vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod*. Lund: Studentlitteratur.
- Antonovsky, A. (2005). *Hälsans mysterium*. Stockholm: Natur och Kultur.
- Brooker, D. (2007). *Person-centred dementia care: making services better*. London: Jessica Kingsley.
- Chenoweth, L., Jeon, Y., Merlyn, T., & Brodaty, H. (2010). A systematic review of what factors attract and retain nurses in aged and dementia care. *Journal of Clinical Nursing*, 19(1-2), 156-167. doi: 10.1111/j.1365-2702.2009.02955.x
- Clarke, A. M., & Davey, M. F. (2004). Communication and decision making among residents with dementia. *Geriatrica*, 22(3), 17-24.
- Coogler, C. L., Parham, I. A., & Young, K. A. (2007). Job satisfaction and career commitment among nursing assistants providing Alzheimer's care. *American Journal of Alzheimer's Disease & Other Dementias*, 22(4), 251-260.
- Demensplan 2015. (2007). *Demensplan 2015: "den gode dagen"*. [Oslo]: Helse- og omsorgsdepartementet.
- Dewing, J. (1999). Professional Nurse Study. Dementia part 1: Person-centered care. *Professional Nurse*, 14(8), 583-588.
- Ekeland, T.-J., & Heggen, K. (2007). *Meistring og myndiggjering: - reform eller retorikk?* Oslo: Gyldendal akademisk.
- Engedal, K., Haugen, P. K., & Brækhus, A. (2009). *Demens: fakta og utfordringer : en lærebok*. Tønsberg: Aldring og helse.
- Gerdner, L. A. (2010). Individualized music for elders with dementia. *Journal of Gerontological Nursing*, 36(6), 7-15. doi: 10.3928/00989134-20100504-01
- H.O.D. (1999). "Lov om pasientrettigheter (pasientrettighetsloven)".
- H.O.D. (2005-2006). *St.meld.nr.25 Mestring, muligheter og mening: Framtidas omsorgsutfordringer*. Oslo: Helse og omsorgsdepartementet.
- H.O.D. (2008-2009). *St.meld.nr.47 Samhandlingsreformen Rett behandling-på rett sted-til rett tid*. Oslo: Helse og omsorgsdepartementet.
- Henriksen, K.-H., & Lahnstein, G. (2005). *Aktuelle lover for helsetjenesten*. Bekkestua: NKI forl.
- Hicks-Moore, S. L., & Robinson, B. A. (2008). Favorite music and hand massage: two interventions to decrease agitation in residents with dementia. *Dementia* (14713012), 7(1), 95-108.
- Holme, I. M., & Solvang, B. K. (1996). *Metodevalg og metodebruk*. [Oslo]: TANO.
<http://www.un.org/en/globalissues/ageing/index.shtml>.
- Humerfelt, K. (2005). Begrepene brukermedvirkning og brukerperspektiv: honnørord med lavt presisjonsnivå *Brukernes medvirkning!: kvalitet og legitimitet i velferdstjenestene* (pp. s. 15-33). Oslo: Universitetsforl.
- Huseby, B. M., & Paulsen, B. (2009). *Eldreomsorgen i Norge: helt utilstrekkelig eller best i verden? Kortversjon*. Oslo: Sintef Helsetjenesteforskning.
- Høstmælingen, N. (2003). *Internasjonale menneskerettigheter*. Oslo: Universitetsforl.
- Jacobsen, D. I. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Kristiansand: Høyskoleforl.
- Jootun, D., & McGhee, G. (2011). Effective communication with people who have dementia. *Nursing Standard*, 25(25), 40-47.
- Kirkevold, Ø. (2008). Når pasienten ikke vet sitt eget beste Å leve med demens: erfaringsbasert utvikling av tilbud : til Arnfinn Eek på 60-årsdagen (pp. S. 73-84). Tønsberg: Forl. Aldring og helse.
- Krüger, R. E., Lillesveen, B., & Nygård, A.-M. (2007). *Det går an!: muligheter i miljøterapi : et festskrift til Aase-Marit Nygård på 70-års dagen*. Tønsberg: Forl. Aldring og helse.

- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M., & Rygge, J. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Kvamme, T. S. (2006). Musikk i arbeid med eldre: musikk med pasienter med aldersdemens *Musikk og helse* (pp. S. 153-172). Oslo: Cappelen akademisk forl.
- Malterud, K. (2003). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning: en innføring*. Oslo: Universitetsforl.
- Myskja, A. (2003). *Den musiske medisin: lyd og musikk som terapi*. Oslo: Cappelen.
- Myskja, A. (2005). *Metodebok: systematisk bruk av sang og musikk for ansatte i eldreomsorgen*. Oslo: Kirkens Bymisjon.
- Myskja, A. (2006a). *Den siste song: sang og musikk som støtte i rehabilitering og lindrende behandling*. Bergen: Fagbokforl.
- Myskja, A. (2006b). Individualisert musikk og Musikk i siste livsfase: to prosjekter i eldreomsorgen *Musikk og helse* (pp. S. 173-200). Oslo: Cappelen akademisk forl.
- Myskja, A., & Haapnes, O. (2010). Music and health in a local community. A coordinated teaching program in five nursing homes in Mid-Norway [Norwegian]. *Norsk Tidsskrift For Sykepleieforskning*, 12(1), 3-15.
- Myskja, A., & Lyngroth, S. R. (2002). *Individualisert musikk i eldreomsorgen: et prosjekt ved tre sykehjem i Oslo*. Oslo: GERIA.
- NETF. (1997). Teorier om aktivitet. *Ergoterapeuten*, 40(13).
- NETF. (2010), from <http://www.netf.no/layout/set/print/NETF/Fag-og-yrkesutoevelse>
- Norheim, A. (2010). Selvbestemmelse og medbestemmelse i demensomsorgen: utfordringer for det faglige skjønnet *Faglig skjønn og brukermedvirkning* (pp. S. 105-129). Bergen: Fagbokforlaget.
- Norheim, A., & Stavanger, U. i. (2009). Betydningen av pasientmedvirkning og verdighet overfor personer med demens i sykehjem
- Demens&Alderspsykiatri. 13(3), 12-15.
- Polit, D. F., & Beck, C. T. (2008). *Nursing research: generating and assessing evidence for nursing practice*. Philadelphia, Pa.: Wolters Kluwer/Lippincott Williams & Wilkins.
- Rokstad, A. M. M. (2005). *Kommunikasjon på kollisjonskurs: når atferd blir vanskelig å mestre*. Tønsberg: Forl. aldring og helse.
- Rokstad, A. M. M., & Smebye, K. L. (2008). *Personer med demens: møte og samhandling*. Oslo: Akribe.
- Rose, L., Martino, H., Yentis, G., Virji, P., & Garrett, P. (2008). Music for life: a model for reflective practice. *Journal of Dementia Care*, 16(3), 20-23.
- Ruud, E. (2006). Musikk gir helse *Musikk og helse* (pp. S. 17-30). Oslo: Cappelen akademisk forl.
- S.O.HD. (2007). *Glemst, men ikke glemt!* Oslo: sosial og helsedirektoratet.
- Skivenes, M., & Willumsen, E. (2005). Brukermedvirkning i barnevernets ansvarsgrupper *Brukernes medvirkning!: kvalitet og legitimitet i velferdstjenestene* (pp. s. 94-112). Oslo: Universitetsforl.
- Testad, I. (2010). *Agitation and use of restraint in nursing home residents with dementia: prevalence, correlates and the effects of care staff training*. University of Bergen, [Bergen].
- Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforl.
- Thornquist, E. (2003). *Vitenskapsfilosofi og vitenskapsteori: for helsefag*. [Bergen]: Fagbokforl.
- Van der Geer, E. R., Vink, A. C., Schols, J. M., & Slaets, J. P. (2009). Music in the nursing home: hitting the right note! The provision of music to dementia patients with verbal and vocal agitation in Dutch nursing homes. *International Psychogeriatrics*, 21(1), 86-93. doi: 10.1017/s104161020800793x
- Vatne, S. (1998). *Pasienten først?: om medvirkning i et omsorgsperspektiv*. Bergen: Fagbokforl.
- Zimmerman, S., Williams, C. S., Reed, P. S., Boustani, M., Preisser, J. S., Heck, E., & Sloane, P. D. (2005). Attitudes, stress, and satisfaction of staff who care for residents with dementia. *Gerontologist*, 45(1), 96-105.

Østenstad, B. H. (2006). Grunnverdiar og grunnomgrep i debatten om bruk av tvang mot utviklingshemma og demente. *Nordisk Tidsskrift for Menneskerettigheter*(Nr.4), 344-361.

Del 2

Artikkel

Cover page

Journal: American Journal of Recreation Therapy

Title:

"Care staff experiences of facilitating person-centered care and resident involvement through the use of individualized music in dementia care".

Author:

Eva Skrivervik

Brattåsveien 10B

4016 Stavanger

Cell phone : +34 48050740

tabita31@hotmail.com

Abstract

Introduction: To meet the needs of persons with dementia adequate psychosocial interventions such as individualized music (IM) therapy is needed through resident involvement and person-centered care.

Aim: The aim of this study was to explore the experience of care staff working with IM in nursing home residents with dementia.

Method: A qualitative explorative and descriptive design was used. Semi-structured interviews of seven care staff from four nursing homes were carried out.

Result: The main findings included improved person-centered care and resident involvement, categorized in the three main themes: 1) IM in care staff-resident relation, 2) IM as a psychosocial intervention for agitation and restlessness and 3) IM and job-satisfaction in care staff.

Conclusion: These findings suggest that IM can improve facilitation of person-centered care, thus providing an increased focus on resident involvement.

Care staff experiences of facilitating person-centered care and resident involvement through the use of individualized music in dementia care

Eva Skriversvik

Key words: dementia, individualized music, care staff experiences, resident involvement, individual needs and person centered care

Introduction

The older population is growing faster than the total population in practically all regions of the world. Demographers from the United Nations ^[1] expect that there will be nearly two billion people in the world aged 60 years and older, by the year 2050. The oldest old (80 years and older) is the fastest growing segment of the older adult population. As a result of this worldwide phenomenon, the number and proportion of residents with dementia is rapidly increasing [2].

There are approximately 66 000 people in Norway with dementia [3]. If a cure is not found for dementia the prevalence of persons with dementia will rise to 132 000 by 2040 [3]. Approximately 80 % of residents in Norwegian nursing homes have a diagnosis of dementia, the majority with severe functional impairments and complex needs. Due to the increasing number of people in need of care there is a great need for retaining and recruiting care staff in dementia care [4].

Working in dementia care is considered to be the most challenging and the most rewarding work in the field of profession care giving [5]. Agitation and restlessness have been identified by some studies as factors the care staff experience to be severely stressful and challenging in dementia care [6-9] and the use of pharmacological interventions like antipsychotic drugs has been a common approach for nurses to meet these challenges [9,10].

Experts agree that medical or pharmacological interventions alone, will not meet the need of these individuals any time in the near future. In order to adequately meet these challenges, efficient and effective psychosocial and cultural strategies are necessary to address these many quality of life issues [11].

Person-centered care, featuring equality, recognizing uniqueness, understanding the world from the perspective of the resident and providing a social environment that supports psychological needs [5] is valued [12-14] by both care staff and residents. This concept was introduced by Tom Kitwood in 1997. Person-centered care uses a system of care which implies moving away from the task oriented care that still seems to be common in many nursing homes [13, 15]. The person-centered care approach has also shown to be linked to experienced job satisfaction [16].

Furthermore, residents with dementia have the right to self determination just like every other resident in a nursing home [17]. It is a tremendous international challenge to ensure that appropriate levels of involvement in decision making is included for these residents with significant memory loss [18]. Studies show that care staff are mainly focused on solving practical tasks and find it difficult to pay enough attention to the individual needs and facilitating resident involvement where it is possible [15, 18]. Resident involvement implies that the resident which is affected by a decision is able to engage in the process of the decision making leading to an individualized approach in the service offered [19]. For residents with dementia the level of involvement will depend on the current functioning level of the individual [15]. However studies show that the ability to participate in decision making seems to be underestimated and that a lot more should be done to meet residents with dementia need for, and the right to input into care [9, 20]. In decision making and resident involvement communication is a key factor [18]. An appropriate adapted form of communication will facilitate decision making [18] and the way the residents communicate and reflect who they are. Therefore it's important that the care staff are sensitive to the adapted communication skills needed in dementia and understand how essential their communicative skills are in enabling them to connect with the residents [21].

One efficacious psychosocial intervention for individuals with dementia is music. Music can be a meaningful way of communicating with residents with dementia even at late stages of the disease [22]. Several studies suggest that individualized music can reduce agitation experienced by residents with dementia [22]. Individualized music in dementia care is a well known psychosocial intervention, which includes the assessment of individuals music preferences [22]. The assessment serves as the foundation for a tailor made musical intervention delivered to the resident via vocal or listening and singing with a Compact Disc (CD). Resident involvement is a key factor in finding the right music for these interventions [22,24]. Several studies [8, 11, 22, 25] indicate that individualized music can reduce agitation and improve well-being in residents with dementia, but the studies are small, of poor methodological standard and there is need for further research [26]. Education of care staff is essential to success in individualized music [11,27].

The aim of this study was to explore the experiences of care staff working with individualized music with nursing home residents with dementia. Furthermore to investigate care staff experiences with individualized music as a tool to increase consciousness of individual needs and to facilitate resident involvement and a person-centered care.

Initially a search was carried out in the databases Cinahl, AMED and PubMed using the terms individualized music, dementia, care staff experience and patient involvement and no relevant hits were found.

Method

Design

A qualitative descriptive and explorative approach [28] was used to describe how care staff experienced using individualized music. In addition to a systematic literature search, the investigation was carried out as semi structured interviews.

Ethics

This study was approved by the Norwegian social science data service (NSD). All informants signed an informed consent and received a formal letter about the study from the University of Stavanger.

Participants

Seven care staff from four nursing homes participated in this study, two men and five women, four were nurses, one was a musical therapist and two were licensed practical nurses. They were recruited from the eastern and western part of Norway. The recruitment was done selectively with assistance of GERIA (resource center for age psychiatry and dementia in Oslo). The inclusion criteria were 1) care staff must be working at nursing homes with persons with dementia, and 2) care staff must have worked there before, during and after the implementation of individualized music.

Data collection and analyses

The interviews were carried out in suitable meeting rooms in each nursing home and each session lasted from 38 to 65 minutes. A semi-structured interview guide was used when conducting the interviews, which were taped and transcribed in full by the author (ES) of this article.

Data were analyzed inspired by Giorgis phenomenological analysis through the use of systematic text condensation [29]. The analysis comprised four steps.

Step one: After transcribing the data in full, a read through of all information was conducted. This provided a first impression of the transcribed material and of the themes that were vaguely emerging.

Step two: A systematic analysis of all the interviews one by one, was conducted. In organizing which part of the material to work with, codes and units of meaning that fit in to these codes were identified. Intrinsic to this procedure was a consideration of the initial aim of the study. A matrix was used to establish a system with the units of meaning for each code.

Step three: Codes established in step two, were condensed from codes to meaning. Subcategories emerged under each code that was identified at this step. Furthermore the subcategories` units of meaning were rewritten into artificial quotations.

Step four: The parts were recontextualized and an evaluation of results emerging from the first three steps was done. A summary of the findings through retelling was conducted to detail descriptions and concepts. The knowledge from each code group and subcategory was then summarized. On that basis, a description of context was created for each code group, based on the condensed text and quotations, a description of content was made for each code group.

Results

The way the care staff informants provided individualized music varied. In the following the abbreviation IM will be used for individualized music.

Overall the informants reported that their connection with the residents was strengthened through the use of IM and several informants described experiences of better communication with residents with dementia trough the use of IM. The main findings included person-centered care and resident involvement, categorized in the three main themes that emerged from the interviews: 1) IM in care staff-resident relation, 2) IM as a psychosocial intervention for agitation and restlessness and 3) IM and Job-satisfaction in care staff

1) IM in care staff – resident relations including the subcategories: getting to know the residents, becoming increasingly aware of individual needs and trusting relationship.

Many of them felt that IM led to better communication and cooperation, which were seen as important factors in both resident involvement and facilitation of resident centered care.

A change in the relation to residents that previously were hard to cooperate with was reported.

"We had a man from mid-Norway, and he was quite restless. He could shout and the others perceived him as stressful. We found him to be angry but also wanting to socialize. We didn't know so much about him, but we knew he was from Trondheim. And when we sang a well known song from Trondheim, it made him very happy. It was like pressing a button for behavior change. When you sang this song with him he became another person, and the relationship with him changed ".

Getting to know the residents, becoming increasingly aware of individual needs:

Experiences of getting to know the resident better was common, but to what degree this took place varied. Through the use of music, stories from different parts of the resident's life emerged. The rigid manner of screening and assessment forced care staff to become increasingly conscious about the individual musical preference.

